Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 998 181 712 |
| Organisasjonsform: | Samvirkeforetak |
| Foretaksnavn: | KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA |
| Forretningsadresse: | Daltunvegen 19<br>6776 KJØLSDALEN |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Thomas Poul Reines Hals |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 26.05.2025 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 11.06.2025

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Foreldrebetalingar | 1 | 280 260 | 293 510 |
| Andre driftsinntekter | 2, 3 | 12 110 098 | 10 976 511 |
| **Sum inntekter** | | **12 390 357** | **11 270 021** |
| **Kostnader** | | | |
| Lønskostnad | 3, 4 | 6 973 436 | 7 930 921 |
| Ordinære avskrivingar | 5 | 60 750 | 60 750 |
| Andre driftskostnader | 3, 4, 6 | 2 593 812 | 2 383 498 |
| **Sum kostnader** | | **9 627 998** | **10 375 169** |
| **Driftsresultat** | | **2 762 360** | **894 852** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 173 386 | 115 174 |
| Andre finansinntekter | | 8 860 | 5 632 |
| **Sum finansinntekter** | | **182 246** | **120 806** |
| Annan rentekostnad | | 235 | |
| **Sum finanskostnader** | | **235** | |
| **Netto finans** | | **182 011** | **120 806** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Årsresultat** | 7 | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Totalresultat** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Konsernbidrag | | 2 944 371 | 1 015 658 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **2 944 371** | **1 015 658** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter | | 197 054 | 197 054 |
| Fast eigedom | | 560 700 | 621 450 |
| **Sum varige driftsmiddel** | 5 | **757 754** | **818 504** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **757 754** | **818 504** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringar | 8 | 532 754 | 398 390 |
| Andre kortsiktige fordringar | 8 | 281 613 | 209 733 |
| **Sum krav** | | **814 367** | **608 123** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 9 | 8 050 548 | 5 139 519 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **8 050 548** | **5 139 519** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **8 864 916** | **5 747 642** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **9 622 670** | **6 566 146** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 7 | 137 000 | 136 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **137 000** | **136 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Annen egenkapital | | 8 053 928 | 5 109 557 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **8 053 928** | **5 109 557** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | 7 | **8 190 928** | **5 245 557** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 281 213 | 225 024 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 388 583 | 345 282 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 761 946 | 750 283 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 431 742** | **1 320 589** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **1 431 742** | **1 320 589** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **9 622 670** | **6 566 146** |

Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

| | |
|---|---|
| Journalnummer: | 2025 476995 |

## Enheten

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 998 181 712 |
| Organisasjonsform: | Samvirkeforetak |
| Foretaksnavn: | KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA |
| Forretningsadresse: | Daltunvegen 19<br>6776 KJØLSDALEN |

## Regnskapsår

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2024 - 31.12.2024 |

## Konsern

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

## Regnskapsregler

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

## Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Thomas Poul Reines Hals |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 26.05.2025 |

## Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 10.06.2025

**Brønnøysundregistrene**
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## RESULTATREGNSKAP

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Foreldrebetalingar | 1 | 280 260 | 293 510 |
| Andre driftsinntekter | 2, 3 | 12 110 098 | 10 976 511 |
| **Sum inntekter** | | **12 390 357** | **11 270 021** |
| **Kostnader** | | | |
| Lønskostnad | 3, 4 | 6 973 436 | 7 930 921 |
| Ordinære avskrivingar | 5 | 60 750 | 60 750 |
| Andre driftskostnader | 3, 4, 6 | 2 593 812 | 2 383 498 |
| **Sum kostnader** | | **9 627 998** | **10 375 169** |
| **Driftsresultat** | | **2 762 360** | **894 852** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 173 386 | 115 174 |
| Andre finansinntekter | | 8 860 | 5 632 |
| **Sum finansinntekter** | | **182 246** | **120 806** |
| Annan rentekostnad | | 235 | |
| **Sum finanskostnader** | | **235** | |
| **Netto finans** | | **182 011** | **120 806** |
| **Resultat før skattekostnad** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Årsresultat** | 7 | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Totalresultat** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Konsernbidrag | | 2 944 371 | 1 015 658 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **2 944 371** | **1 015 658** |

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## BALANSE

| Beløp i: NOK | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Tomter | | 197 054 | 197 054 |
| Fast eigedom | | 560 700 | 621 450 |
| **Sum varige driftsmiddel** | 5 | **757 754** | **818 504** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **757 754** | **818 504** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringar | 8 | 532 754 | 398 390 |
| Andre kortsiktige fordringar | 8 | 281 613 | 209 733 |
| **Sum krav** | | **814 367** | **608 123** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskot og kontantar | 9 | 8 050 548 | 5 139 519 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **8 050 548** | **5 139 519** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **8 864 916** | **5 747 642** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **9 622 670** | **6 566 146** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 7 | 137 000 | 136 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **137 000** | **136 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 8 053 928 | 5 109 557 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **8 053 928** | **5 109 557** |
| **Sum eigenkapital** | 7 | **8 190 928** | **5 245 557** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 281 213 | 225 024 |

| | | |
|---|---|---|
| Skuldige offentlege avgifter | 388 583 | 345 282 |
| Anna kortsiktig gjeld | 761 946 | 750 283 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **1 431 742** | **1 320 589** |
| | | |
| **Sum gjeld** | **1 431 742** | **1 320 589** |
| | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **9 622 670** | **6 566 146** |

**Organisasjonsnr: 998 181 712**
**KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

## NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP

- alle poster oppgitt i hele tall

**Note**
1

**Tal på årsverk i rekneskapsåret**
10.40

| Sum | Beløp |
|---|---|

| Balanseført verdi 31.12. | Varige driftsmiddel | Immaterielle eiged. |
|---|---|---|

**Konsernrekneskap**

**Morselskapet sitt namn**

**Forretningskontor for morselskapet**

**Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa**

| Samla beløp - tilknytt selskap | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samla beløp - føretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samla beløp - føretak i samme konsern | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Samla beløp - felles kontrollert verksemd | Årets | Fjorårets |
|---|---|---|

| Pantstillingar | Beløp |
|---|---|

| Behaldning av eigne aksjar | Tal på aksjar | Pålydande | Andel av aksjek. |
|---|---|---|---|

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening
Autorisert rekneskapsførarselskap
Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

**Til generalforsamlinga i**
**Kjølsdalen Montessoriskule SA**

# Melding frå uavhengig revisor



**Konklusjon**
Vi har revidert Kjølsdalen Montessoriskule SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 2.944.371. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjonen**
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardene) utferda av the International Ethics Standard Boards for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

**Øvrig informasjon**
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.



| Ørsta | Nordfjordeid | Stryn |
|---|---|---|
| Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta | Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid | Tonningsg. 42, 6783 Stryn |
| Tlf.: 70 04 59 00 | Tlf.: 57 88 64 16 | Tlf.: 48 44 07 30 |

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere korvidt det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller korvidt informasjon i årsmeldinga elles framstår som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal gjevast i samsvar med gjeldende lovkrav.

**Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**
Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**
Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter vert det vist til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Nordfjordeid, 28.04.2025
Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Dag Hopland
statsautorisert revisor

# Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2024

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapen er satt opp i samsva med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 God Regnskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa vert skildra under.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedeler og gjeld**
Eigedeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmiddek. Andre eigedeler er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddlar.
Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagt til grunn.

Anleggsmiddel vurderast til anskaffelseskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å være forbigåande. Anleggsmiddel med begrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig.

Omløpsmiddel vurderast til lavaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld oppskrivast ikkje til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

**Skattar**
Ein vurderer det slik at drifta ikkje er skattepliktig, då ein ikkje har som føremål å drive med økonomisk vinst.
Det er vedtektsfesta at andelsteiknarane ikkje får avkastning av andelsinnskota.

**Inntekter** vert bokført når dei er opptente.

### NOTE 1 - Foreldrebetalingar

**Skulepengesatsar:**
Vår 2024 betalte føresette kr 430 pr barn i skulepengar pr. mnd.
Haust 2024 betalte føresette kr 450 pr barn i skulepengar pr. mnd.
25% rabatt for søsken 2 og 50% for søsken 3 og fleire.

**SFO-satsar**
Vår 2024 var satsen for fulltid SFO kr 1.750 pr. barn pr. mnd.
Haust 2024 var satsen for fulltid SFO kr 2.250 pr. barn pr. mnd.

### NOTE 2 - Spesifisering av offentlige finansieringskjelder

| Bidragsyter | Foremål | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Utdanningsdirektoratet | Statstilskot | 10 198 197 | 9 760 167 |
| Utdanningsdirektoratet | Kapitaltilskot | 105 457 | 97 985 |
| Utdanningsdirektoratet | Særtilskudd til kombinerte skoler | 84 017 | 0 |
| Utdanningsdirektoratet | Redusert foreldrebetaling SFO | 185 285 | 112 575 |
| Stad kommune | Tilskot til spesialundervisning | 427 837 | 355 419 |
| Sogndal Kommune | Tilskot til spesialundervisning | 0 | 14 889 |
| Vanylven Kommune | Tilskot til spesialundervisning | 269 986 | 0 |
| Vanylven Kommune | Tilskot til spesialundervisning, tidl. År | 238 108 | 0 |
| Stad kommune | Lokale DKS-midlar | 0 | 11 600 |
| **Sum offentlege tilskot** | | **11 508 887** | **10 352 634** |

# Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2024

### Note 3 - Avdelingar - fordeling av kostnader

Husleie blir fakturert frå skulen til barnehagen i samsvar med husleigeavtalen.
Lønn, feriepengar, arbeidsgiveravgift for vaktmesterteneste, økonomi o.l, blir fakturert etter medgått tid utan påslag. Ingen av dei tilsette som vert fakturerte for medgått tid til barnehagen arbeider i barnehagen, men utfører oppgåver og tjenester for barnehagen, som oftast samstundes som ein utfører oppgåver og tjenester for skulen.

Kostnader på 166.345 som i avdeling 73 Utleige barnehage er postert som lønnskostnader ført under inntekt som lønn fakturert etter medgått tid. Desse kostnadane er fakturert barnehagen for medgått tid på tilsette i skulen som har utført arbeid for barnehagen. Fortrinnsvis arbeid som del av drift av felles bygning/tomt, og i tillegg nokre små oppdrag spesifikt for barnehagen. Desse tilsette i skulen har ikkje hatt arbeid i barnehagen, men for barnehagen.

Felleskostnader som gjeld heile bygget er som utgangspunkt fordelt 80% skule og 20% barnehage, dette er ei skjønnsmessig vurdering etter bruk. Elles blir andre kostnader fordelt etter skjønn i forhold til bruk. Alle kostnadar blir fakturert utan påslag.

Kostnadsfordeling på avdelingane SFO, 5-10 trinn og utleige lokaler er i noko større grad enn på avdeling utleige barnehage fordelt etter skjønn i forhold til bruk. Alle felleskostnader som gjeld heile bygget og drifta av bygget vert fordelt fast til desse avdelingane. Fordeling av lønskostnader på avd. 5.-10. trinn og utleige lokaler er lågt. Avdeling utleige lokaler er små lønskostnader knytta til reinhald (om naudsynt) etter utleige, medan avdeling 5.-10. trinn berre har vore heilt korte kontrollar av hønsehus før/etter skuletid. Resten av arbeidet med hønsehus har vore gjennomført i skuletida eller på dugnad av føresette eller andre

### NOTE 4 - Lønskostnader og godtgjeringar.

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Løn og feriepengar | 5 848 427 | 6 659 137 |
| Andre godtgjeringar | 82 070 | 102 893 |
| Pensjon | 382 541 | 399 568 |
| Arbeidsgiveravgift | 660 397 | 769 322 |
| **Sum** | 6 973 436 | 7 930 920 |
| Tal på årsverk | **10,4** | **11,6** |

| **Ytingar til leiande personar** | **Dagleg leiar** | **Styret** |
|---|---|---|
| Løn og anna godtgjering | 829 524 | 0 |

**Revisor**

Det er kostnadsført kr 21.400 i honorar for revisjon og kr 29.500 i honorar for attestasjonar og andre tenester frå revisor.

# Kjølsdalen Montessoriskule SA

## Notar til årsrekneskapen 2024

### NOTE 5 - Anleggsmiddel

| | Tomt | Fast eigedom | Inventar og lausøyre | Totalt: |
|---|---|---|---|---|
| Kostpris IB | 197 054 | 1 068 778 | 451 699 | 1 717 531 |
| Tilgang | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Kostpris UB** | **197 054** | **1 068 778** | **451 699** | 1 717 531 |
| Akkumulert avskrivin | 0 | 508 078 | 451 699 | 959 777 |
| **Bokført verdi 31.12.** | **197 054** | **560 700** | **0** | **757 754** |
| | | | | - |
| Avskrivingar i året | **0** | **60 750** | **0** | **60 750** |
| Avskrivningstid | Evig | 10-25 år | 3 - 5 år | |
| Lineære avskrivingar | | | | |

### Note 6 - Handel med nærstående

| Navn | Vare/tjeneste | Brutto | Netto |
|---|---|---|---|
| Eid Elektro AS | Reprasjon og vedlikehold elektrisk | 94 640 | 75 712 |
| Film & Kino | Bygdekino | 520 | 464 |
| Hamna Aktivietet og Helse AS | Klatring med instruktør | 1 750 | 1 750 |
| Rindal Maskiner AS | Deler | 371 | 297 |
| **Sum** | | **97 281** | **78 223** |

### NOTE 7 - Eigenkapital

| | Andels-kapital | Annen egenkapital | Sum EK |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 31.12.23** | **136 000** | **5 109 557** | **5 245 557** |
| Årets endring i eigenkapital: | | | |
| Teikning av andelar | 1 000 | | **1 000** |
| Årets resultat | | 2 944 371 | **2 944 371** |
| **Eigenkapital 31.12.24** | **137 000** | **8 053 928** | **8 190 928** |

23,9% av inntektsgrunnlaget (kr 12.332.034) er disponert i 2024, dette utgjer kr 2.944.371.
Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, årsrekneskapen for 2024 er sett opp på dette grunnlaget.

**Annen eigenkapital, fordelt på avdelingar**

| | Skuledrift | Utleige barnehage | SFO | 5-10 trinn | Utleige lokaler | Sum annen egenkapital |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 01.01 | 4 337 142 | 1 059 605 | -201 471 | -51 956 | -33 763 | 5 109 557 |
| Årets resultat | 2 879 248 | 131 014 | -45 687 | -2 695 | -17 509 | 2 944 371 |
| **Eigenkapital 31.12.** | **7 216 390** | **1 190 619** | **-247 158** | **-54 651** | **-51 272** | **8 053 928** |

## Kjølsdalen Montessoriskule SA
## Notar til årsrekneskapen 2024

**NOTE 8 - Fordringar**
Fordringar er bokført til pålydande. Ingen fordringar forfell til betaling meir enn eitt år etter balansedagen.

**NOTE 9 - Bundne midlar**
Av bankinnskot er kr 272.677 ( i fjor kr 244.725) på konto som kun kan nyttast til betaling av forskotstrekk.

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE



# ÅRSMELDING FOR KJØLSDALEN MONTESSORISKULE 2024




INNHALD:

Styret si melding

Resultatrekneskap 2024

Balanse pr. 31. desember 2024

Notar til rekneskapen

Revisor si melding

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

## FØREMÅL:

I vedtektene til Kjølsdalen Montessoriskule står det under §3 *Verksemd og formål:*

«Føretaket skal drive frittståande privatskule i samsvar med privatskulelova. Skulen skal drivast etter montessoripedagogikk og skal vere grunnskule frå 1. til 10. trinn med skulefritidsordning.

Føretaket er altså ikkje økonomisk motivert, men har til hovudmål å yte den tenesta ein grunnskule i nærmiljøet er.

*Ein grunnskule i nærmiljøet vil også vere ein stor bidragsytar til fellesskapet og kulturen i krinsen»*

*Kjølsdalen Montessoriskule drivast frå Kjølsdalen Montessoriskule, Daltunvegen 19, 6776 Kjølsdalen, i Stad kommune, eigedom 1443 – 111/20, med omkringliggande eigedomar 1443 – 111/25 og 111/38.*

## VISJON:

*Kjølsdalen Montessoriskule skal vere eit tydeleg pedagogisk alternativ i Stad kommune. Med kosmisk læring, fred, harmoni, empati, verdigheit og menneskerettar som fundament for heile drifta. Slik skal barna og dei vaksne arbeide med respekt for kvarandre og miljøet rundt seg.*

## FORTSETT DRIFT:

*Føresetnadene for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2024 er sett opp på dette grunnlaget.*

## ANDELEIGARAR

*Pr. 31.12.2024 var det 275 andelar i samvirkeføretaket. Desse var fordelt på totalt 112 teiknarar.*

## ARBEIDSMILJØET OG DET YTRE MILJØ:

*Styret i KMS ser på arbeidsmiljøet som godt. Det totale sjukefråværet i 2024 var 108,3 dagar. Dette utgjer 4,0% av det moglege antal dagsverk. Fordelt mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær ser biletet slik ut:*

*Eigenmeldt fråvær: 28,8 dagar – 1,1 % av totalt antal dagsverk.*

*Legemeldt fråvær: 79,5 dagar – 2,9 % av totalt antal dagsverk.*

I 2024 gjekk sjukefråværet nedover, etter dei første to vintermånadene i same høge sjukefråværstrend som i 2022 og 2023. Neste 8 månader av året var det svært lite fråvær i verksemda, før det tok seg noko opp att i desember månad. Fråværet hjå elevar heldt seg høgt gjennom meir eller mindre heile 2024.

*Det er rapportert om 5 skadar på arbeidsplassen blant elevar i 2024. Alle 5 vart innmeldt til både NAV og forsikringsselskap. Det er ikkje rapportert om skader på arbeidsplassen blant tilsette i 2024.*

Kjølsdalen Montessoriskule har ei medviten haldning til miljøet rundt seg. Alt avfall vert kjeldesortert og levert gjennom offentleg renovasjonsordning. Barn og tilsette ved skulen og i barnehagen har felles ansvar for å sortere avfall på ein sikker måte inne i bygget, samt frakte dette til sorteringsplass ute (plast, papir, våtorganisk, restavfall og glas/metall), medan spesialavfall (batteri, lyspærer, stoffrør, elektriske artiklar, metall o.a.) blir teken hand av vaksen og levert ved næraste gjenbruksstasjon ved høve.

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

## LIKESTILLING:

*Kjølsdalen Montessoriskule er opptekne av å integrere omsynet til ikkje-diskriminering i det daglege arbeidet. Dette gjeld både for og med elevane og i høve dei tilsette. Med likestilling meiner vi likeverd, like mogelegheiter og like rettar. Likestilling føreset tilgjenge og tilrettelegging. Vi er ein skule-organisasjon som på lik linje med fleirtalet av skular i Noreg med fleire kvinnelege enn mannlege tilsette. Alle har same vilkår uavhengig kjønn, både når det gjeld løn og arbeidsoppgåver.*

*Vi har berre frivillig deltidsarbeid (altså der arbeidstakar sjølv ynskjer redusert stilling). Som arbeidsgjevar er vårt ynskje at flest mogeleg har 100 % stilling.*

*KMS sitt styre pr. 31.12.2024 var sett saman av 3 menn og 2 kvinner. Skulen hadde 15 tilsette, 4 sommar-vikarar og 1 IKT-medarbeidar i faste fakturerte oppdrag i 2024. Av desse var 15 kvinner og 5 menn.*

*KMS føl likestillingslova og arbeidar for å fremje likestilling ved val av tillitsvalde og ved nytilsetjingar.*

*Det er ikkje verksett særskilte likestillingstiltak ved skulen.*

## STYRET:

*Styret har hatt følgjande samansetning i 2024:*

*Ove Kjøllesdal (leiar) – styremedlem sidan 2012*
Synnøve Humborstad – styremedlem sidan 2012
Roar Øystein Bakke – styremedlem sidan 2015
Kine Krokstrand – styremedlem sidan 2016
Kim Tore Gilleshammer – styremedlem sidan 2023

## HANDSAMA SAKER

*Styret har hatt 4 styremøter i 2024. Protokollen syner 63 handsama saker. Av saker styret har hatt til handsaming nemnast her:*

- Psykososialt miljø for elevar
- Psykososialt miljø for tilsette
- Drift av skulebygget
- Evaluering av brukarundersøkingane for haust 2024
- Føretaksplan for Kjølsdalen Montessoriskule 2024 - 2028
- Årsrekneskap for 2023
- Elevinntak 2024/2025
- Skulerute 2024/2025
- Budsjett for 2025
- Årsmelding for 2023
- Lokale lønsforhandlingar for dagleg leiar
- Betalingssatsar for SFO-tilbod ved skulen
- Kompetanseutviklingsplan for 2024 – 2027
- Plan for eit trygt og godt skulemiljø

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

## SAMVIRKEFØRETAKET KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA:

*Årsmøtet i KMS er det øvste organet i føretaket. Styret vert vald av årsmøtet og er sett til å halde kontroll med drifta i Kjølsdalen Montessoriskule. Dagleg leiar er tilsett av styret i KMS og har ansvaret for den daglege drifta av føretaket, herunder oppgåver som personalbehandling og budsjettansvar.*




## STILLINGSHEIMLAR PR. 31.12.2024:

| | | |
|---|---|---|
| *Rektor Thomas Hals* | - | *100%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)* |
| *Administrasjonsmedarbeidar Tanja Hatten* | - | *50%, (medgått arbeid for bhg vert fakturert bhg)* |
| *Reinhald Rossucon Jankhun* | - | *80%* |
| *Montessoripedagog Eli B. H. Tyvold* | - | *80%, Kontaktlærar Ungdomsskulen 7.-10. trinn* |
| *Montessoripedagog Oddrun Telvik* | - | *5% om lag, leseverkstad Småskulen 2.-3. trinn* |

4

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

| | | |
|---|---|---|
| *Pedagog Monika Bendoraitiene* | - | *100%, Kontaktlærar 2.-3. trinn Småskulen* |
| *Montessoripedagog Kari-Ann H. Horne* | - | *100%, Kontaktlærar Storskulen, 4.-6. trinn* |
| *Ettermiddagsvakt tysdagar Kari Follevåg* | - | *6%, om lag, SFO* |
| *Montessoripedagog Heidi B. E. Hals* | - | *100%, kontaktlærar 1. – 3. trinn Småskulen* |
| *AMI-Assistent Frank-Tore Bruvoll* | - | *100% Ungdomsskulen, SFO* |
| *Assistent Sunniva Befring* | - | *100% Småskulen, SFO* |
| *Montessoripedagog May Kristin Krumsvik* | - | *100% Kontaktlærar Storskulen, faglærar Ungdomssk.* |
| *Assistent/Lærarvikar Bjørn-Tore Leite* | - | *20% om lag, Stor- og Ungdomsskulen* |

## ÅRSRESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT:

KMS sitt totale årsresultat for 2024 vart på 2 944 371,-.

Styret foreslår at heile årsresultatet vert overført til annan eigenkapital.

## RAPPORT FRÅ KONTROLLGRUPPA:

*Periodisk kontroll etter sjekklista gjennomført av kontrollgruppe skal etter kontrollgruppa sitt mandat gjerast med rapport til styret innan 28.02. gjeldande år. Det har i 2024 ikkje vore ein fungerande kontrollgruppe som har gjennomført periodisk kontroll.*

## VERKSEMDA I KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA

*2024 har vore Kjølsdalen Montessoriskule sitt 11. heile driftsår med tilsette og elevar. 2024/25 er skulen sitt 12. skuleår.*

*Pr. 01.01.2024 hadde skulen 59 elevar, der ein fekk ordinært statstilskot for 60 elevar på bakgrunn av teljedato 01.10.2023. Seinare i januar kom det til ein elev til gjennom beredskapsheim. Fram til sommaren 2024 var elevmassen 60 elevar. Desse var fordelt med 12 elevar i ungdomsskulen (7.-10. trinn), 25 elevar i Storskulen (4.-6. trinn) og 23 elevar i Småskulen (1.-3. trinn).*

*Skuleåret 2024/2025 starta ein opp med 58 elevar ved skulen. Dette var òg talet elevar på teljedato 1. oktober 2024. Elevane var fordelte slik: 22 i Småskulen (1.-3. trinn), 23 i Storskulen (4.-6. trinn) og 13 i Ungdomsskulen (7.-10. trinn).*

*Ved utgangen av kalenderåret 2024 var det altså totalt 58 elevar ved skulen:*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Småskulen (1. – 3 trinn): | 22 elevar | 6 jenter | 16 gutar |
| Storskulen (4. – 6. trinn): | 23 elevar | 12 jenter | 11 gutar |
| Ungdomsskulen (7.–10. trinn): | 13 elevar | 6 jenter | 7 gutar |
| ***TOTALT ELEVTAL:*** | ***58 elevar*** | ***24 jenter*** | ***34 gutar*** |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

*Dei 58 elevane pr. 31.12.2024 var fordelte slik geografisk, frå vest mot aust:*

| | |
|---|---|
| Bryggja: | 1 elev |
| Åheim: | 1 elev |
| Lefdal: | 1 elev |
| Midthjell: | 2 elevar |
| Haus: | 3 elevar |
| Ervik: | 8 elevar |
| Kjølsdalen nedre: | 24 elevar |
| Kjølsdalen øvre: | 7 elevar |
| Reksnes/Lund/Årdal: | 2 elevar |
| Stårheim: | 1 elev |
| Haugen/Hjelmelandsd. | 1 elev |
| Nordfjordeid/sørsida: | 7 elevar |
| **Totalt:** | **58 elevar** |

*I 2024 har ein hatt følgjande faste utval i drift ved skulen: styre, FAU og elevråd. Dagleg leiar, styret og FAU må vere påpasselege med at mandatet til eit eventuelt samarbeidsutval og eit skulemiljøutval vert teken i vare gjennom arbeidet i FAU, elevråd og styret.*

*Skulen har i 2024 hatt eit undervisningspersonell på totalt 6 tilsette med godkjent utdanning for arbeid på barne- og/eller ungdomstrinna. Av desse 6 pedagogane har 5 godkjent vidareutdanning i Montessoripedagogikk. Ein er faglærar med rett kompetanse i ungdomstrinna, medan ein har godkjent utdanning for undervisning på 1.-4. trinn.*

*Skuleskyssordninga har fungert godt i 2024. Firda Billag og Eid Taxi har vore leverandør av skyss på dei fleste rutene, men ein rute mellom Selje/Åheim og Bryggja har vore levert av Bryggja Taxi, organisert gjennom Møre og Romsdal Fylkeskommune. Haust 2024 hadde totalt 30 elevar rett på skyss. 13 etter fylkeskommunale vedtak, 17 etter dei kommunale retningslinene.*

*Vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring har for elevar heimehøyrande i Stad kommune vore delegert frå kommunen til rektor i 2024. Utgiftene til desse tiltaka har vorte dekt inn av Stad kommune. Avtalen er tilfredsstillande for skulen. For elevar frå andre kommunar enn Stad har ein fått dekt inn anten etter ressurs gitt pr. enkeltvedtak, eller etter faktura frå skulen (gjeld gjesteelevar).*

*Det har vore drift på SFO ved Kjølsdalen Montessoriskule heile 2024. SFO har hatt ope frå 07.30-08.30 om morgonen kvar dag, og frå 15.00-16.30 på ettermiddagen måndag, tysdag, torsdag og fredag. Onsdagar har SFO vore ope etter skulen frå 12.00-16.30. Hausten 2024 hadde 14 barn full eller delvis plass på SFO ved Kjølsdalen Montessoriskule. Assistentane Frank-Tore, Sunniva og Kari har vore ansvarleg for dagleg drift av SFO, med rektor som økonomisk og fagleg ansvarleg.*

## KJØLSDALEN MONTESSORISKULE ØNSKJER Å TAKKE:

*I mars 2024 mottok skulen ein gåve frå Kjølsdalen Ungdomslag på kr. 12 000,-.*

*I april 2024 mottok skulen ein gåve frå 17. mai-komitéen for 2023 på kr. 4 000,-.*

*I juli 2024 mottok skulen ein sponsorgåve i høve vedlikehaldsarbeid på kr. 10 000,- frå Kjøllesdal Invest AS.*

*I november 2024 mottok skulen ein gåve på kr. 25 000,- frå Kjøllesdal Invest AS for det gode arbeidet skulen gjer for barna i krinsen.*

*I desember 2024 mottok skulen ein gåve på kr. 5 000,- frå Nordfjord AX AS.*

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

ÅRSMELDING 2024

*Skulen har utanom disse fått mange mindre gåver i løpet av 2024. Tusen takk til alle som gir!!*

## SLUTTORD:

*Kjølsdalen Montessoriskule og Kjølsdalen Montessoribarnehage har etablert seg som ein mellomstor aktør innan utdanning av barn og unge i midtre del av Stad kommune. Dei fleste barna og ungdomar med dagleg virke på bygget er tilhøyrande lokalmiljøet til einingane, men ein del barn og unge pendlar til skulen kvar dag frå bygder og tettstader litt lengre vekke. Elevtalet på skulen er stabilt. Barnetalet i barnehagen verkar òg stabilt. Til saman er det nærare 100 barn og ungdomar på bygget kvar dag. I tillegg til om lag 20 vaksne fordelt på dei to einingane.*

*Saman utgjer vi eit særs sjeldan heilskapleg tilbod innan Montessoripedagogikk i landet vårt. Det er få plassar utdanningsløpet 0 til 15 år er samla så konsentrert innan denne flotte pedagogikken. Det skal ein vere stolte over å ha.*

*Økonomien er stabil og solid. Det gjev rom for naudsynte investeringar, både dei som må gjerast fortløpande på eit stort bygg, men òg langsiktige investeringar med tanke på framtida.*

*Skulen og barnehagen i same bygg utgjer ein viktig faktor for unge i etableringsfasen som vurderer å busetje seg i Kjølsdalen eller nærområda rundt.*

*Styret ønskjer å takke dei tilsette for innsatsen i driftsåret 2024. Både det pedagogiske personalet, dei merkantilt tilsette, reinhaldspersonalet og skuleleiinga legg ned eit arbeid som sikrar solid drift for framtida, og ein trygg arbeidsplass og skule i lokalmiljøet.*

**Kjølsdalen 07.04.2025**

| | | |
|---|---|---|
| **Ove Kjøllesdal**<br>**styreleiar** | **Synnøve Humborstad**<br>**styremedlem** | **Kim Tore Gilleshammer**<br>**styremedlem** |
| **Roar Øystein Bakke**<br>**Styremedlem** | **Kine Krokstrand**<br>**styremedlem** | **Thomas Hals**<br>**dagleg leiar** |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Tlf. ... 49 50 / 57 86 49 52
www.kjolsdalenmontessori.no

7

# Årsregnskap 2024
# Kjølsdalen Montessoriskule SA

**Resulatregnskap**
**Balanse**
**Noter**
**Årsmelding**
**Revisjonsmelding**

**Org.nr.: 998 181 712**

# Resultatrekneskap

## Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter og driftskostnader** | | | |
| Foreldrebetalingar | 1 | 280 260 | 293 510 |
| Andre driftsinntekter | 2, 3 | 12 110 098 | 10 976 511 |
| **Sum driftsinntekter** | | **12 390 357** | **11 270 021** |
| Lønskostnad | 3, 4 | 6 973 436 | 7 930 921 |
| Ordinære avskrivingar | 5 | 60 750 | 60 750 |
| Andre driftskostnader | 3, 4, 6 | 2 593 812 | 2 383 498 |
| **Sum driftskostnader** | | **9 627 998** | **10 375 169** |
| **Driftsresultat** | | **2 762 360** | **894 852** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Andre renteinntekter | | 173 386 | 115 174 |
| Andre finansinntekter | | 8 860 | 5 632 |
| Andre rentekostnader | | 235 | 0 |
| **Netto finansresultat** | | **182 011** | **120 806** |
| **Resultat** | | **2 944 371** | **1 015 658** |
| **Årsresultat** | 7 | **2 944 371** | **1 015 658** |
| Overføringar | | | |
| Overført til annen egenkapital | | 2 944 371 | 1 015 658 |
| **Sum overføringar** | | **2 944 371** | **1 015 658** |

# Balanse per 31.12

Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Eigedeler** | | | |
| Tomter | | 197 054 | 197 054 |
| Fast eigedom | | 560 700 | 621 450 |
| **Sum varige driftsmiddel** | **5** | **757 754** | **818 504** |
| | | | |
| **Sum anleggsmiddel** | | **757 754** | **818 504** |
| | | | |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| Kundefordringar | **8** | 532 754 | 398 390 |
| Andre kortsiktige fordringar | **8** | 281 613 | 209 733 |
| Bankinnskot og kontantar | **9** | 8 050 548 | 5 139 519 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **8 864 916** | **5 747 642** |
| | | | |
| **Sum eigedeler** | | **9 622 670** | **6 566 146** |

# Balanse per 31.12

Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital og gjeld** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Andelskapital | 7 | 137 000 | 136 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **137 000** | **136 000** |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 8 053 928 | 5 109 557 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **8 053 928** | **5 109 557** |
| **Sum eigenkapital** | 7 | **8 190 928** | **5 245 557** |
| **Gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 281 213 | 225 024 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 388 583 | 345 282 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 761 946 | 750 283 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 431 742** | **1 320 589** |
| **Sum gjeld** | | **1 431 742** | **1 320 589** |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **9 622 670** | **6 566 146** |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

Kjølsdalen, 7 / 4 2025
Styret i Kjølsdalen Montessoriskule SA

| | | |
|---|---|---|
| Thomas Poul Reines Hals<br>Dagleg leiar | Ove Martin Kjøllesdal<br>Styreleiar | Synnøve Helen Humborstad<br>Styremedlem |
| Kine Krokstrand<br>Styremedlem | Roar Øystein Bakke<br>Styremedlem | Kim Tore Gilleshammer<br>Styremedlem |

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
19 MAI 2025
Arkivkode: 04/2417/033 Saksbeh.: THA

**PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE FOR 2024 I KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

**DATO: Måndag 28.04.25**

Stad: Vrimlearealet i Kjølsdalen Montessoriskule
Tid: kl. 19.00 – 21.00

Styreleiar opna årsmøtet og ønskte alle velkomne.

Frammøtte medlem og frammøtte medlem m/fullmakt vart registrert. *Sjå vedlegg A.*

Årsmøtet handsama:

1. **Val av møteleiar og referent**
   *Møteleiar: Thomas Hals*
   *Referent: Tanja Hatten*
   **Ein person til å skrive under protokollen i lag med møteleiar og referent.**
   *Underskrivar protokoll: Janne Strømmen Sundal*
   **Registrering av frammøtte og fullmakter** – alt i hht. registrering vedlegg A.
   *Frammøtte andelseigarar: **20**, der **11** til stades og **9** ved fullmakt*
   *Dette utgjer **18%** av totalt **111** andelseigarar i KMS.*
   *Frammøtte andelar: **62**. Dette utgjer **22,5%** av totalt **275** andelar i KMS.*

*Alle sakspapir vart delt på skjerm.*

2. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
   *Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.*

3. **Årsmelding**
   *Dagleg leiar las opp årsmelding for 2024.*
   *Årsmelding vart samrøystes vedteken.*

4. **Årsrekneskap**
   *Dagleg leiar gjekk gjennom årsrekneskapen for 2024.*
   *Årsrekneskapen vart samrøystes vedteke.*
   *Revisor si melding vart teken til viten.*

5. **Disponering av årsoverskot**
   *Årsoverskot på 2 994 371,- vart samrøystes vedteken overført til annan eigenkapital.*

6. **Informasjon om budsjett og føretaksplan**
   *Dagleg leiar gjekk gjennom budsjett for 2025 og føretaksplan for 2025-2029.*
   *Desse vart teken til viten.*

7. **Fastsetting av godgjering til styret og revisor**
   *Årsmøtet vedtok samrøystes at det ikkje vert gitt godgjering til styret, men at dei får dekka utgifter ifb med vervet. Godgjering til revisor for 2025 vert etter rekning.*

8. **Val av styremedlemmar, 2 år**
   Valnemnda har bestått av Kjell Ove Almenning, Frode Kjøllesdal og Lina Lien Bruland.

KJØLSDALEN
MONTESSORISKULE

*Roar Øystein Bakke:* *Attvald samrøystes for 2 nye år til 2027.*
*Kim Tore Gilleshammer:* *Attvald samrøystes for 2 nye år til 2027.*

*Ikkje på val:*
*Synnøve Humborstad:* *1 år igjen. På val i 2026.*
*Kine Krokstrand:* *1 år igjen. På val i 2026.*
*Ove Kjøllesdal:* *1 år igjen. På val i 2026.*

**9. Val av styreleiar, 1 år**
*Ove Kjøllesdal attvald samrøystes som styreleiar for 1 år. På val att i 2026.*

**10. Val av 1 medlem til valnemnd, 2 år**
*Årsmøtet gjekk inn for attval.*

*Kjell Ove Almenning:* *Attvald samrøystes for 2 nye år til 2027.*

*Ikkje på val:*
*Frode Kjøllesdal:* *1 år igjen. På val i 2026.*
*Lina Lien Bruland:* *1 år igjen. På val i 2026.*

**11. Andre saker innmeldt til årsmøtet**
*Ingen innmeldte saker til årsmøtet.*

**12. Saker til orientering**
*Dagleg leiar svarte på spørsmål frå delegat vedrørande vegstubb som av administrasjon i vertskommuna er føreslege privatisert. Det gjeld asfaltert område mellom skura ved busslomme og 32 meter inn på uteområdet. For skulen sin del har dette vegområdet sidan oppstart i 2013 vore i praksis rekna som eige areal.*

*Vedlegg:* *Vedlegg A registrering av frammøtte og frammøtte m/fullmakt.*

Kjølsdalen 28.04.2025

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Dalsvegen 16, 6776 Kjølsdalen
Tlf. 57 ... / 57 85 49 52
www.kjolsdalenmontessori.no

Janne S. Sundal
Protokollunderskrift
Janne Strømmen Sundal

Møteleiar
Thomas P. R. Hals

Tanja Hatten
Referent
Tanja Hatten

Side 2 av 2

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Nedlegg A 19 MAI 2025
Arkivkode: 074/&17 Saksbeh.: THA

**FRAMMØTELISTE ÅRSMØTE FOR 2024 KJØLSDALEN MONTESSORISKULE SA**

| Etternamn | Fornamn | Ant | Andel nr. | Frammøtt | Fullmakt (namn) |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjøllesdal | Ove | 10 | 22-31 | X | |
| Kjøllesdal | Eli | 1 | 62 | | Ove Kjøllesdal |
| Telvik | Oddrun | 1 | 118 | X | |
| Hals | Heidi B.E. | 1 | 40 | | Thomas Hals |
| Sundal | Kjell | 1 | 112 | | Tanja Hatten |
| Sundal | Kirsti Sole | 1 | 111 | X | |
| Sundal | Ingvard | 1 | 109 | | Kirsti Sole Sundal |
| Sundal | Øyvind | 1 | 115 | | Kirsti Sole Sundal |
| Tyvold | Eli B. H. | 15 | 251-265 | X | |
| Sanitetsforein. | Kjølsdalen | 3 | 163-165 | X | (Jorun Breiteig) |
| Humborstad | Lars Frode | 4 | 129-132 | X | |
| Humborstad | Synnøve | 2 | 54-55 | | Lars F. Humborstad |
| Bruland | Lina Lien | 1 | 9 | X | |
| Lien | Eldar | 2 | 93-94 | | Lina Lien Bruland |
| Hagen | Torbjørn R. | 1 | 39 | | Lina Lien Bruland |
| Kjøllesdal | Frode | 2 | 63-64 | X | |
| Bruland | Matias Lien | 2 | 10-11 | X | |
| Shamat | | 2 | 271-272 | X | (Matias L. Bruland) |
| Sundal | Torgeir | 1 | 114 | | Janne S. Sundal |
| Invest | Kjøllesdal | 10 | 66-75 | X | (Ove Kjøllesdal) |
| | | | | | |
| | | | | | |
| Sum frammøtt/fullmakt | | **62** | **-** | **11** | **9** |

**Totalt røysteføre**

Totalt møtte 20 delegatar på vegne av 62 andelar av totalt 275 andelar.
Dette gjev ein prosentvis deltaking på **22,5%** av det totale antal andelar.
Totalt møtte 20 andelsteiknarar (inkl. dei med fullmakt) av totalt 111 andelsteiknarar.
Dette gjev ein prosentvis deltaking på **18%** av det totale antal andelsteiknarar.

*Kjølsdalen, 28.04.2025*

KJØLSDALEN MONTESSORISKULE
Dalt... Kjølsdalen
... 49 52
...sori.no

| | | |
|---|---|---|
| Protokollunderskrift | Møteleiar | Referent |
| Janne Strømmen Sundal | Thomas Hals | Tanja Hatten |